



Vik kommune,  
Postboks 134,  
6891 VIK I SOGN

Vår dato:

11.06.2021

Vår ref:

2021/1267

Dykkar dato:

19.01.2021

Dykkar ref:

20/1437

Saksbehandlar, innvalstelefon

Håvard Rød, 5557 2143

## Vik kommune - budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024

Vik kommunestyre har i møtet 17. desember 2020, sak 106/20, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021-2024. Vi har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer vi at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis vi vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følgje av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunen sitt opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sette i verk.

### Oppsummering

Kommunen vil få eit høgt gjeldsnivå i løpet av økonomiplanperioden, først og fremst som følgje av investering i det nye omsorgssenteret.

Investering i nytt omsorgssenter gir grunnlag for driftsinnsparinger. Innsparingar vil vere nødvendige slik at kommunen kan drive med netto driftsoverskot. Det må vere ei målsetjing at disposisjonsfondet som driftsreserve blir oppretthalde i åra framover, sjølv om gjelda aukar vesentleg. Eventuell bruk av fondet bør vere minst mogleg.

### Budsjett 2021

I rekneskapen for 2020 er det eit netto driftsoverskot med om lag kr 8,4 mill. Det utgjer 2,5 prosent av driftsinntektene.

Netto driftsunderskot i budsjettet for 2021 er kr 1,2 mill. Det utgjer -0,4 prosent av driftsinntektene.

Kommunen har budsjettet med kr 85,3 mill. i skatt på eige og inntekt for 2021. Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettet med til saman kr 194,35 mill.



Inntektsprognosene for 2021 er oppdatert med innkomen skatt i 2020. Skatt og rammetilskot er ikke budsjettet for høgt samanlikna med den siste inntektsprognosene. Kompensasjon for koronapandemien inngår i denne prognosene.

Det er budsjettet med kr 26,95 mill. i egedomsskatt for 2021. Innkomen egedomsskatt i 2020 var om lag kr 28,9 mill.

Kommunen har egedomsskatt på kraftverk, linjenett, næring og bustad-/fritidshus. Reduksjonen i egedomsskatt fra 2020 til 2021 skuldast reduksjonen i maksimal skattesats for bustad- og fritidshus, fra 5 promille til 4 promille.

Det er budsjettet med utbytte kr 3,0 mill. frå Sognekraft AS. Faktisk utbytte frå selskapet er kr 2,9 mill. i år. Kommunen eig 19,8 prosent av aksjane i selskapet. Låge straumprisar i 2020 gir eit lågare utbytte i 2021 enn normalt. For dei komande åra er det lagt til grunn årleg utbytte frå Sognekraft AS med kr 4 mill. årleg. Det er budsjettet med utbytte kr 0,7 mill. i 2021 frå Sogn og Fjordane holding AS.

Det er budsjettet med kr 18,7 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Dette oppfyller minimumskravet for ordinære avdrag i kommunelova.

I 2021 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 37,45 mill. Av dette utgjer avgiftsfinansierte investeringar i vassverk og avlaup kr 10,7 mill. Den største investeringa er i nytt omsorgssenter som er planlagt gjennomført over heile økonomiplanperioden. Investeringane i år er planlagt finansierte med bruk av lån (kr 32,16 mill.) og kompensasjon meirverdiavgift (kr 5,29 mill.).

Det er budsjettet med startlån til vidare utlån, kr 2,0 mill. Eigenkapitalinnskot i KLP, kr 900.000,- blir finansiert frå drifta.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2020 er kr 355,3 mill. Det utgjer 107,2 prosent av sum driftsinntekter, eller kr 136.000,- per innbyggjar. Kr 14 mill. av lånegjelda er lån i Husbanken til vidare utlån.

### Økonomiplan 2021 - 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Det er i økonomiplanen lagt opp til netto driftsoverskot i 2022 og 2023, begge åra med 0,4 prosent av driftsinntektene. For 2024 er det lagt opp til eit netto driftsunderskot med -1,0 prosent av driftsinntektene.

Det er sett av midlar til disposisjonsfondet i rekneskapen for 2020 som følgje av netto driftsoverskot. Kommunen sitt disposisjonsfond var ved utgangen av 2020 kr 38,0 mill., eller 11,5 prosent av driftsinntektene.



I økonomiplanen 2021-2024 er det samla lagt opp til netto bruk av disposisjonsfondet med kr 5,2 mill. Størstedelen av bruken av fondet er planlagt i 2024 på bakgrunn av pårekna netto driftsunderskot i det året.

Det er lagt opp til eit høgt investeringsnivå i økonomiplanperioden, som følgje av investering i nytt omsorgssenter. Denne investeringa blir finansiert med låneopptak, i tillegg til statleg investeringstilskot og kompensasjon meirverdiavgift.

Kommunen si lånegjeld kjem difor til å auke mykje i planperioden 2021-2024. Netto lånegjeld (utanom lån i Husbanken til vidare utlån) er pårekna å auke frå om lag kr 345 mill. ved utgangen av 2021 til kr 482 mill. ved utgangen av 2024. Pårekna lånegjeld ved utgangen av 2024 vil utgjere 160 prosent av driftsinntektene. Når statlege investeringstilskot til omsorgssenteret er motteke fullt ut i 2025, vil lånegjelda bli redusert med tilskot. Førebels er gjeldsnivået etter mottak av investeringstilskot rekna å bli om lag 140 prosent av driftsinntektene i 2025.

### **Finansielle måltal**

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av kommunen sin økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid.

Kommunestyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal:

- Netto driftsresultat skal vere minst 1,75 prosent av driftsinntektene.
- Netto lånegjeld, etter fråtrekk for lån til vidare utlån og ubrukte lånemidlar, bør ikke overstige 50 prosent av driftsinntektene.
- Arbeidskapital er omløpsmidlane etter fråtrekk for kortsiktig gjeld. Arbeidskapitalen i prosent av driftsinntektene skal vere større enn 20 prosent.
- Disposisjonsfond skal vere minst 5 prosent av driftsinntektene.

### **Statsforvaltaren sine vurderinger**

Vi rår kommunen til å justere økonomiske måltal. Netto driftsoverskot på 1,75 prosent av driftsinntektene kan vere vanskeleg å oppnå dei nærmaste åra med noverande inntektsnivå. Måltallet for lånegjeld må ta høgde for faktisk gjeld og pårekna auke. Vi stiller spørsmål om det er føremålstøylen leg å ha eit eige måltal for arbeidskapital. Måltallet for disposisjonsfondet bør bli justert opp, til dømes til 8-10 prosent av driftsinntektene.

Kommunen vil få eit høgt gjeldsnivå i løpet av dei komande åra, først og fremst som følgje av investeringa i det nye omsorgssenteret. Lånegjelda vil bli høg, sjølv om statlege investeringstilskot vil bidra til at auken i lånegjelda blir dempa.

Investering i nytt omsorgssenter gir grunnlag for driftsinnsparingar. Innsparingar vil vere nødvendige for at kommunen kan drive med netto driftsoverskot, sjølv om gjeldsbelastninga aukar vesentleg i dei komande åra. Det må vere ei målsetjing at disposisjonsfondet ved utgangen av 2020, kr 38,0 mill., blir oppretthalde på om lag same nivå i åra framover. Eventuell bruk av fondet bør vere minst mogleg.



Kommunen har ein høg prosentdel eldre innbyggjarar og utviklinga er pårekna å forsterke dette i åra framover. Det er krevjande å tilpasse tenestene til ei eldre alderssamsetjing. Investeringa i nytt omsorgssenter er viktig for å tilpasse tenestene til denne utviklinga. Det er viktig at kommunen, med eit framtidig høgt gjeldsnivå, kan oppretthalde driftsbalanse, driftsreserve og økonomisk handlefridom.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*